



Kvam langrenn- og skiskyttarklubb inviterer til:

Torefjellsrennet 2024

Torefjellsrennet klassisk 26/13 km - Torefjellsrennet fristil 5/10/20 km

og Torefjellsrennet familie- og trimklasse.

Laurdag, 9. mars 2024 - Sjusete Skisenter



Rennprogram og starttidspunkt:

Kl 09:30 Torefjellsrennet klassisk 26/13 km klassisk (1/2 runder) Fellesstart. 17-100 år

Kl 13:00 Torefjellsrennet fristil, 5/10/20 km Fellesstart 17-100 år

Kl 11:00 – 12:00 Torefjellsrennet familie og trim, valgfri lengde og starttidspunkt.

Påmelding gjerast på EQ Timing. Søk på «Torefjellsrennet 2024» eller gå inn på denne lenka:

<https://live.eqtiming.com/70345#dashboard>

Løype:

Det er gjort nokre endringar på traseen i årets utgåve for å ta ned mengda tøffe klatringar og bratte utforkøyringar. Ein går ikkje til topps i Nystøl-løypa, og klatringa til Allkleiv er ikkje med i år. Me har også korta ned distansen på klassisk-rennet.

Våre samarbeidspartnarar:



Klassisk: Start på myra framfor skihytta og målgang ved skihytta. Runden er 13 km. Lysløypa - Kjosås-løypa del 1 – halve Fagrasete-løypa – Kjosås-løypa del 2.

Fristil: Start på myra framfor skihytta og målgang ved skihytta. Runden er 10 kilometer.

Ungdomsrennet fristil: Start på myra framfor skihytta og målgang ved skihytta.

- 5 km: Heile lysløypa (11-12 år)
- 11 km – Lysløypa – Kjosås-løypa (13-16 år)

Trim- og familierenn: Start og mål ved skihytta. Valfri distanse i Kjosås-løypa.

Premiering:

Full premiering for 11-16 år. Klassevinnarar vert premierte frå 17 år og oppover.

Rennkontor og startnummer:

I skistova frå kl. 08.00 på renndagen. Startnummer til klassisk- og fristilsrennet hentast samla for kvar klubb på rennkantoret. Manglande innlevert startnummer vert fakturert med 300 kroner.

Startnummer for trim- og familierennet betalast og hentast i skistova.

Startkontigent:

For både klassisk- og fristilsrennet er startkontigenten 300 kroner. Trim- og familieklassen kostar påmelding 100 kroner (maks 275 per familie). Ved påmelding via EQ Timing betalast startkontigenten direkte. Ved påmelding på staden må ein betala med bankkort eller Vipps.

Startlisens:

Lagleiarane/klubbane er ansvarlege for at påmeldte deltakarar som er fylt 13 år i konkurranseklassane har gyldig lisens. Det er mogeleg å løysa eingongslisens på rennkantor. Eingongslisens for løparar 13 – 25 år koster kr. 63,-. For løpar som er 26 år og eldre koster eingongslisensen kr. 165-. For deltakarar i trim- og familieklassen er eingongslisensen inkludert i startkontigent.

Resultatlistar:

Førebelse resultatlistar heng me opp på resultatavla når dei er klare. Endelege resultatlistar legg me ut på www.sjusetete.com etter rennet.

Premieutdeling

Premieutdeling skjer etter protestfristens utløp, dvs. minst 15 min. etter uoffisielle resultatlistar er kunngjort med oppslag på tavle.

Våre samarbeidspartnarar:



Kafè & garderobar:

Skistova på Sjusete. I kafè tek me betaling kontant, med kort eller Vipps!

Parkering: Parkeringsavgift er kr 100,- pr dag. Betaling i parkeringsautomat sett opp ved innkjøring til parkering eller via **Vipps # 503532** (merk med registreringsnr på bil)

Spørsmål om rennet kan rettast til rennleiar Jan Tore Tveit (924 99 565) eller

arrangementansvarlege frå Kvam LSK; Sverre Olav Botnen (952 57 651) og Torstein Torsvik (909 17 341).

Teknisk delegert for rennet er Sjur Børsheim (95217845)

Me ynskjer løparar, leiarar, trenarar og føresette velkomne til Sjusete!

Sjusete løypekart

Løype- og parkeringskort

Heilårskort kr 1.000,- (tidsrom 01.11–31.10)

Dagskort kr 100,-

NBI Betalingsautomat ved starten av P-plassen

vipps 503532 - Sjusete Skisenter

Følg med på preparinga av løypene i appen **Skisporet** og på skisporet.no.
Meir info om Sjusete på sjusete.com.

Ver venleg og ikkje gå til fots i løypene. Ferdsl uttanfor preparerte løyper er på eige ansvar.

Start/slutt lysløyper/Kjosåsløypa

- Lysløype 1 km
- Lysløype 1,7 km
- Lysløype 3 km
- Lysløype 5 km
- Kjosåsløypa 4,7 km
- Nystøl-/Fagraseteløypa 7,2 km rundtur frå eige utgangspunkt
- Alkleivsløypa 6,3 km rundtur frå eige utgangspunkt
- Forsete 1,8 km frå eige utgangspunkt



Våre samarbeidspartnarar:

